

Saksnr: 2019/59-4  
Saksbehandlar: Marielle Solheim

**Saksframlegg****Saksgang**

| Utval            | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|------------------|-------------|------------|
| Fylkeseldrerådet |             | 25.11.2019 |

**Fastsetting av neste møtedato****Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek at neste rådsmøte finn stad 28. januar 2020, og vel sjølv stad for møtet.

**Samandrag**

Fylkeseldrerådet skal ha minst seks møte kvart år, og vedtek sin eigen møteplan. For at administrasjonen skal kunne koordinere møta i medverknadsorgana, både med kvarandre og andre utval, er det sterkt tilrådeleg at møteplanen for 2020 vert fastsett når nytt sekretariat er sett frå årsskiftet. Det vert difor lagt opp til at ein no berre vedtek tid og stad for neste møte.

Bertil Søfteland  
leiar politisk sekretariat

Marielle Solheim  
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det følgjer av Vestland fylkeskommune sitt reglement for medverknadsorgana at fylkeseldrerådet skal ha minst seks møte kvart år, og elles etter behov. Fylkeseldrerådet vedtek sin eigen møteplan.

Ved årsskiftet vil dei tre fylkeskommunale medverknadsorgana i Vestland få ein og same sekretær. For å koordinere møta vidare og sikre reell medverknad er det sterkt tilrådeleg at ein på noverande tidspunkt berre fastsett neste møtedato. Denne datoen bør vere i andre halvdel av januar, slik at sekretæren får førebudd sakene, og i januar-møtet kan ein så fastsetje møtedatoar for heile 2020.

Frå administrasjonen si side er det sterkt ynskjeleg at de legg neste rådsmøte til 28. januar 2020.

Når det kjem til møtestad er det, slik prosjektleiar vurderer det i saksframlegget til PS 56/2019 i fellesnemnda, eit føremålstenleg prinsipp for geografisk spreiiing av møta i fylkeseldrerådet at omlag 50% av møta er i Bergen, 25% er i Førde eller Leikanger, og at 25% er videomøte.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** ikkje relevant.

**Klima:** ikkje relevant.

**Folkehelse:** ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** ikkje relevant.

### Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert no bedd om å fastsetje dato og stad for neste rådsmøte. Av praktiske omsyn bør neste rådsmøte vere 28. januar, og i dette møtet kan ein så fastsetje møtedatoar for heile 2020. Møtet bør vere i anten Førde, Leikanger eller Bergen.